



Universitetet
i Stavanger

DET TEKNISK-NATURVITSKAPLEGE FAKULTET

MASTEROPPGÅVE

Studieprogram/spesialisering: Master Teknologi - Konstruksjon og materialer med fordypning i maskinkonstruksjon	Vårsemesteret 2014 Open
Forfattar: Svein Ove Vannes (signatur forfattar)
Fagansvarleg: Ove Mikkelsen	
Rettleiar(ar):	
Tittel på masteroppgåva: Grasjamnar for silo – konstruksjon og analyser	
Engelsk tittel:	
Studiepoeng: 30	
Emneord: Styrkebereking 2D teikningar Marknadsplassering	Sidetal: 44 + vedlegg/anna: 19 Stavanger, 16.juni 2014

Samandrag

Oppgåva

Hovuddelen av oppgåva består i å konstruera og gjera ein analyse av ein grasjamnar for silo i landbruket. I oppgåva skal det også lagast ein marknadsplan for produktet, samt laga ei grovskisse av det elektriske systemet og laga ein prosedyre for testing.

Ide og arbeid

Ideen til produktet er komen etter praktisk arbeid med silolegging i landbrukt. Det er vanskeleg å få folk til å arbeide inne i siloen. Dette faktum har gitt eit ynskje om å få gjort jamnearbeidet mekanisk.

I arbeidet med konstruksjonen har det frå første stund vore eit mål å bruke mest mogleg standard profilar. Det er få delar som skal maskinerast. Mesteparten av samanføyninga er ved hjelp av sveising. Maskinen skal vere enkel å montere og demontere, og lett å stuve vekk.

Dei dimensjonerande spenningane er bøyespenningar i gaffelarmane, vridningsspenningar i motorhuset og bøyespenningar i haldearmane. Dessutan strekkspenningar i festeboltane for gaffelarmane. Under arbeid vil det bli ei lita nedbøyning på gaffelarmen. Nedbøyninga går ikkje ut over arbeidsevna til maskinen.

Dimensjoneringsa er gjort ved hjelp av modellering i programmet Ansys Mechanical. Programmet brukar FEA metoden til å utføre matematiske berekningar på konstruksjonen for å finne spenningar og utbøyningar ved gitte påførte laster.

Til drift av grasjamnaren er det valt ein standard tre-fase motor påmontert ein standard utveksling (gir).

Analysen viser at konstruksjonen skal kunne tåle dei lastene som ein har definert i oppgåva, usikkerheten er meir om kreftene som oppstår når gaffelarmen skyver graset rundt i siloen stemmer.

Sidan gaffelarmane har ei anna medbringarløysing enn det som er kjent frå tidlegare, trengs det omfattande utprøving av armane. Det kan bli aktuelt å foreta modifisering av medbringararmane. Ved ein eventuell serieproduksjon må maskinens konsentrositet kontrollerast.

Dersom prototypen viser seg å fungere tilfredstillande, vil det bli aktuelt å ta kontakt med ein lokal produsent for å starta serieproduksjon. Maskinen er konstruert med standard komponentar som er enkle og tilarbeide. Bare eit par komponentar må maskinerast. Marknadssegmentet for denne typen vil vere små og mellomstore gardsbruk. Det vil neppe vere nokon stor marknad for dette produktet, og marknadsføringa vil derfor skje på sosiale media.

Innhald

1	Innleiring.....	1
2	Marknadsplan.....	1
	2.1 Forretningsidé.....	1
	2.2 Ekstern analyse.....	2
	2.3 Intern analyse.....	3
	2.4 Strategiformulering.....	3
3	Konstruksjon av grasjamnar.....	4
	3.1 Idestadiet.....	4
	3.2 Forarbeid.....	6
	3.3 Konstruksjon av grasjamnar.....	7
4	Definering av krefter.....	16
5	Analyse med elementmetoden (FEA).....	17
	5.1 Modellering.....	17
	5.2 AnSys Mechanical.....	18
	5.2.1 Preprocessing.....	19
	5.2.2 Processing.....	19
	5.2.3 Post-processing.....	19
	5.3 Gaffelarmen.....	19
	5.4 Dimensjonering av skruane.....	21
	5.5 Berekning av kil-sveis.....	22
	5.6 Belastning på aksling til gaffelarmar.....	26
	5.7 Val av lager til aksling.....	27
	5.8 Motorhuset og haldearme.....	27
	5.9 Val av lager til hjula på haldearm.....	27
	5.10 Modellering i AnSys av motorhus med haldearme.....	28
	5.11 Modellering av gaffelarm.....	33
6	Resultat av analyse med elementmetode.....	35
	6.1 Programet brukt til analysen.....	35
	6.2 Globalanalyse.....	35

6.3 Detaljanalyse i Autodesk Inventor av gaffelarm.....	40
6.4 Modalanalyse.....	40
7 Elektrisk styresystem.....	41
8 Testprosedyrar for grasjamnaren.....	42
8.1 Testprosedyre mekanisk konstruksjon.....	42
8.2 Testprosedyre elektrisk system.....	42
9 Konklusjon.....	42
10 Forklaringar.....	44
11 Referansar.....	44
12 Vedlegg.....	45

Figurliste

Figur 1: Grasjamnar med skåler.....	12
Figur 2: Bilde av grasjamar i Inventor.....	13
Figur 3: Firkantprofil med tilpassa endelokk.....	14
Figur 4: Motorhus med motorfester.....	15
Figur 5: Illustrasjon av kraftpar.....	16
Figur 6: Illustrasjon av motorfeste og motoraksling.....	16
Figur 7: Motorhus med innfestning for lagre.....	17
Figur 8: Motorhus med aksling til gaffelarmer.....	18
Figur 9: Hjul på haldearm.....	18
Figur 10: Skisse haldearm.....	19
Figur 11: Innfestinga av haldearmar med hjul.....	19
Figur 12: Straming av haldearm med hjul.....	20
Figur 13: Gaffelarm.....	20
Figur 14: Gaffelarm sett forfra.....	21
Figur 15: Modellering.....	23
Figur 16: Illustrasjon av silo ved innlegging av gras.....	25
Figur 17: Gaffelarmane med jamt fordelt last på den eine armen.....	25
Figur 18: Innfesting av gaffelarmar.....	26
Figur 19: Skisse av strekkrefter på skruer til innfestning av gaffelarm.....	26
Figur 20: Skisse av ein kilsveis med a-mål og spenningar.....	27
Figur 21: Skisse av festeplate med sveis.....	28
Figur 22: Skisse av sveis til gaffelarm.....	29
Figur 23 skisse av deformasjon av motorhus og haldearmar.....	32
Figur 24 bilde av nøkkelpunkt av motorhus i Ansys.....	33
Figur 25:Bilde frå AnSys av nøkkelpunkt med linjer mellom.....	34
Figur 26:Bilde frå AnSys motorhus med haldearmar.....	34
Figur 27:Bilde av gaffelarm som viser endeplate med skruehol.....	36
Figur 28:Bilde av gaffelarm som viser på kva flater den jamt fordelte lasta blir påført.....	37
Figur 29 Motorhus i Ansys.....	40
Figur 30 bilde av motorhus med nøkkelpunkt i Ansys.....	44
Figur 31 blokkskjema av motorstyring.....	46
Figur 32 tverrsnitt av hulprofil.....	48

Tabelliste

Tabell 1:Innspenning av struktur i analysen.....	35
Tabell 1:Materialegenskaper til gaffelarm.....	36
Tabell 2:Verdier element innstillingar i Inventor.....	36
Tabell 3:Lasttilfelle 1.....	38
Tabell 4:Resultat lasttilfelle 1.....	38
Tabell 5:Lasttilfelle 2.....	40
Tabell 6:Resultat lasttilfelle 2.....	40
Tabell 7:Lasttilfelle 3.....	41
Tabell 8:Resultat lasttilfelle 3.....	41
Tabell 9:Lasttilfelle 4.....	42
Tabell 10:Resultat lasttilfelle 4.....	43
Tabell 12.Resultat modalanalyse.....	45

Forkortelsar

ADPL	Ansys Parametric Design Language
FEA	Finite Element Analysis
SF	Sikkerhets faktor

FORORD

Masteroppgåva er ei avsluttande oppgåve for masterstudiet Konstruksjon og materiallære med fordjuping i maskin, ved Universitet i Stavanger. Den er skriven i vårsemesteret 2014, over ein periode på fire og ein halv månad. Oppgåva er obligatorisk og har vore eit sjølvstendig arbeid som blir vektlagd med 30 studiepoeng.

Denne oppgåva er ei sjølvdefinert oppgåve, som eg har jobba med heime. Eg har også fått låne arbeidsplass på Høgskulen Stord Haugesund, og vil derfor takke dei for velviljen.

Rettleiar har vore Ove Mikkelsen, som har vore til stor hjelp undervegs. Eg har også fått hjelp av Johann Vannes, som har hjulpet meg med tekst, systematisering og konstruksjon. Karl Oskar Berge har kome med gode innspel når det gjeld styring av elektromotoren til grasjamnaren.

Arbeidet med oppgåva har vore interessant og spennande, men til tider krevjande og frustrerande. Eg føler eg har lært mykje ved å jobbe sjølvstendig med ei slik oppgåve.

Stavanger, Juni 2014

Svein Ove Vannes

1 Innleiing

Hovudvekta av oppgåva er konstruksjon og analyse av ein mekanisk jamnar som skal jamne gras i ein silo ved grashausting i landbruket. I oppgåva vart det brukt eit teikneprogram, Autodesk Inventor, til å lage teikningar av grasjamnaren. Teikningane er detaljteikningar som kan brukast til å laga ein prototype.

Styrkeberekingar av konstruksjonen vil bli gjort i analyseprogrammet Mechanical APDL (AnSys). Den delen som skal rotore og jamne graset utover, vart kalla «gaffelarmen». Denne vil det blir gjort ein statisk detaljanalyse av. Det vil også bli gjort eigenverdiberekingar i AnSys av den globale konstruksjonen.

I oppgåva skal det også definerast kva laster som jamnaren blir utsett for under bruk. Det vil bli laga eit blokdiagram av det elektriske styresystemet.

Det skal lagast ein liten marknadsplan for produktet, som tar for seg marknadsgrunnlaget i ein eventuell produksjon.

2 Marknadsplan

2.1 Forretningsidé

«Utvikle ein grasjamnar til tårnsilo som er billigare, lettare å montere og vedlikehalde, og krev mindre oppbevaringsplass enn dei som er på marknaden i dag, og som passar for dei med små eller mellomstore gardsbruk.»

Forretningsidéen er å utvikle ein grasjevnar som skal seljast til landbruket. Det er allereie forskjellige grasjevnarar på marknaden som er laga for å leggja gras inn i siloen. Det som er min idé er å utvikle ein grasjevnar som er billigare og som enkelt og raskt kan monterast. Den skal ha færrast mogleg bevegelege deler som krev ettersyn og er ekstra kjelder til feil, og den skal også ta liten plass når den skal lagrast.

Første steg er å utvikle ein prototype som kan prøvast ut heime hjå meg sjølv for å teste om den kan jevna gras raskt nok. Når eg har konstruert grasjevnaren så har eg prøvd å bruke færrast mogleg typar profilar og dimensjonar. Det har også vore eit mål at mest mogleg av delane som blir brukte er standardvarer som kan skaffast raskt, slik at ein skal kunne sleppe å ha eit stort delelager. For å produsere prototypen ville eg bruke eit mekanisk verkstad i nærområdet som har kvalifisert arbeidskraft når det kjem til sveising, og ein elektrikar som kan koble og sertifisere det elektriske utstyret. Salgsområdet for produktet vil vere heile Noreg. Eg vil nytte sosiale medier og salgssider på internett, feks Finn.no, som reklamekanalar. Å få nokon til å snakke om produktet på feks Twitter og Facebook vil vere gull verd, så å få nokon av brukerane til å skrive og snakke om produktet i positive vendingar er viktig. Kanskje det og går an å få lansert produktet på fagdagar med Norsk Landbruksrådgivning eller Haugaland Forsøksring eller liknande, for å få presentert

produktet der. Kundegruppa er små og mellomstore gardsbruk som haustar med fôrhaustar og avlessarvogn evt. tippengar.

2.2 Ekstern analyse

Det er ikkje gjort nokon marknadsanalyse for dette produktet men eg har henta ut informasjon frå Statistisk Sentralbyrå, Store Norske Leksikon og Norsk Landbruksrådgivning.

Det å hauste gras i silo har fordeler når det gjeld både fôrqualitet og miljøet. Miljømessig ser ein at rundballer ofte forårsaker avrenning av ensileringsvæske ut i naturen ved oppbevaring. Det blir òg store mengder avfallsplast som må resirkulerast, eller som ofte blir brunne opp på dei enkelte gardsbruka, noko som kan seiast å ikkje vere særlig miljøvenleg.

Eit anna problem er at hjortevilt kjem og bit hol i plasten på rundballane. Dette gjer at det kjem luft til, og graset kan då bli øydelagt. Dersom det er for kaldt og vatninnhaldet er høgt, kan rundballene fryse.

Dei aller fleste små og mellom store gardsbruk har siloar som er laga for ensilering og lagring av gras. Perioden for innhausting er ofte nokre korte hektiske veker i året. Det er viktig at ein får rett kvalitet på fôret, og det er kor langt graset er kome ved innhausting som spelar inn på dette. Det gjeld å slå graset når energiinnhaldet er på topp for å få best mogleg kvalitet på fôret. For å ikkje øydeleggja jordstrukturen, bør ein unngå å køyra ute på bakkane når det er for mykje væta i bakken, så bonden må ta omsyn til véret før dei kan setje i gong med haustinga.

Det at gardsbruka blir større og at ein får meir areal å hauste, gjer at tempoet må ytterlegare opp. Det å jamne gras i siloen når ein haustar, har tradisjonelt vore ein jobb skuleungdommar har hatt. Men det er færre ungdommar som er villige eller har tid til slike lenger. Nå er det allereie produkt på marknaden som kan utføre denne jobben, men dei er forholdsvis dyre og krev store investeringar for bonden. Ved å prøve å utvikle ein så enkel og billeg grasjamnar som mogleg, er håpet å treffen ei nisje i marknaden. Det er anslått at 40 % av alt graset nå blir ensilert i rundballar. Ein del av desse er nye store gardsbruk som ikkje har høve til bruke tårnsilo, men det er framleis mange små og mellomstore gardsbruk som jamnar for hand og kjører gras i siloen så lenge det er plass, for så å presse resten av graset i rundballar.

Kvífor må ein jamne i siloen? Dersom ein jamnar i siloen undervegs, får ein komprimert graset meir, og dermed utnytta kapasiteten til siloen fullt ut. Kvaliteten på foret blir også betre ved jamn komprimering.

Når det kjem til truslar i marknaden, så er det jo slik at vi i Noreg har ei jordbruksnæring som er avhengig av overføringer frå staten, og dermed er marknaden påverka av politiske vedtak fatta på Stortinget. Det er ein stor nedgang i tal gardsbruk kvart år, slik at potensielle kundar minkar for kvart år. Investeringar i fast utstyr blir påverka av korleis ein ser på framtida og korleis den politiske kvardagen ser ut. Landbruket i Noreg kan bli styrt i enda større grad i retning av større gardsbruk. Desse gardsbruka har, som nemnt før, andre typar

enslieringsmetodar, som gjer at vår grasjamnar ikkje vil ha tilstrekkeleg stor nok kapasitet for desse bruka.

Det vil krevje mykje innsats å komme inn hos landsomfattande kjeder som sel landbruksutstyr. Våre konkurrentar er store produsentar med eit brent produktspeskt og store salsapparat. Dei har faste leveringsavtalar og vilkår som gjer at kjedene ofte ikkje har moglegheit til å ta inn konkurrerande varer.

2.3 Intern analyse

Ei ulempe ved føretaket er at ein ikkje har ein salsorganisasjon som kan gå aktivt ut og selje produktet. Dette gjer at det er viktig å bruke andre salskanalar, til dømes internett og sosiale medier.

Utviklaren driv eige gardsbruk, og har difor erfaring frå bransjen. Ein har brukt eksisterande utstyr, og har difor sett kva forbetringspotensiale som finnes i forhold til å lage eit enklare produkt.

Som bonde har utviklaren også eit stort nettverk i bransjen gjennom kollegaer, Norges Bondelag og Norsk Landbruksrådgjeving.

Føretaket kan teste ut prototype sjølv på eigen gard. Ein kan difor gjere nødvendige modifikasjonar før ein sender produktet ut på marknaden.

Ved å ha små utviklingskostnader og kunne begrense lagerkostnadene, vil driftskostnadene være små i forhold til konkurrerande produkter. Det som ein mister ved å være del av ein organisasjon må ein prøve å ta igjen med å være lett manøvrerbar som liten organisasjon.

2.4 Strategiformulering

Når det kjem til differensiering så vil hovudfokuset vere å ha eit produkt som er brukarvennleg, er mindre og lettare, og tar liten plass å lagre. Ein vil ikkje tilby service på produktet utover reklamasjonsretten, men vil kunne tilby reservedeler på produktet i ei viss tid etter at modellen har vore i produksjon.

Som strategi er målet å være kostnadsleiar. Det som skal være fortrinnet her er å kunne konstruere ein grasjamnar på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, mellom anna ved kort produksjonstid og lave materialkostnader. Ein baserer seg på å anvende mest mogeleg standard produksjonsmateriale som er lett tilgjengelege på marknaden. Dette gjev kort leveringstid slik at ein kan halde lagerkostnaden så låg som mogleg.


Målgruppa for grasjamnaren vil være i segmentet små og mellomstore gardsbruk med silo.

3 Konstruksjon av grasjamnar

3.1 Idéstadiet

Framgangsmåte ved utvikling av eit nytt produkt

Den generelle prosedyre overført til dette prosjektet



Ideen var å laga ein grasjamnar som var billeg, enkel å montere og demontere for enkelt å kunne bli flytta mellom siloar når ein haustar inn graset. Han skal også kunna pakkast ned og lagrast utan at han tar opp meir plass enn nødvendig.

Før ein starta sto valet mellom å ha elektrisk drift av jamnaren eller å ha ei hydraulisk pumpe som kunne gi kraft til hydraulikkmotorar. Valet fall ned på elektrisk drift. Ved hydraulisk drift er det ein viss risiko for oljelekkasje, og konsekvensane ved ein lekkasje vil kunne gi store mengder øydelagt gras og mykje ekstra arbeid med å fjerne alt det forureina graset. Ved elektrisk drift vil ein stopp på det elektriske anlegget i verste fall gjer at ein må fjerne grasjamnaren og må jamne manuelt.

Eit anna moment er at dersom ein eventuell prototype fungerer tilfredstillande, vil det sannsynlegvis vere enklare å automatisere ein prosess med elektrisk drift enn ein med hydraulisk drift. Prototypen vil vere avhengig av å bli kjørt opp og ned ved hjelp av ein fjernstyrt siloheis som finnест i alle siloar som er berekna for ensilering av gras.


Ideen var at konstruksjonen (jamnaren) skulle ha to armar med noko som kunne likna på ei rive. Denne skulle dra graset med seg rundt i siloen og jamna graset for kvar gong det blir tippa eit lass med gras. Den mest brukte grasjamnaren i dag er laga slik at han har armar med skåler (som på ei skålharv) som jamnar ut graset. Sjå biletene henta frå TKS sin katalog på grasinnleggjarar under.



Figur 1: Grasjamnar med skåler

Ein annan type som har vore brukt, har transportband som transporterer graset opp i toppen av siloen og spreiar det jamt utover.


Den opphavelige ideen var å bruka tynne stålpinne (gaffeltindar) som er festa i armane i seksjonar for å rive laus graset og jamne det i siloen. Undervegs i prosjektet har det vorte klart at i staden for «gaffel-løysinga» er det meir hensiktsmessig å bruke ein jamnedel med sagtannprofil. Ein har likevel vald å halde på namnet gaffelarm.



Figur 2: Bilde av grasjamnar i Inventor

3.2 Forarbeid

Formelen for andre arealmoment I
 I dette tilfelle er h og b like store, og
 $I_x = I_y$




Når kreftene var definert kunne ein starte med å finne ut kor stor motor som var nødvendig for å drive rundt gaffelarmane. Då ein hadde funne ein motor som tilfredsstiller dei krava som var sett, kunne ein begynne å konstruere grasjamnaren rundt denne.

For å halde grasjamnaren fast for å rotere i siloen, har det blitt brukt hjul som er belagt med gummi for å skape størst mogleg friksjon mot underlaget. Valet av profil fall på firkant-hjulprofil fordi den har plane sider, noko som gjer at det er enkelt å tilpasse utstyr som eventuelt skal festast på i etterkant. For å finne ein profil til å ha som utgangspunkt, vart det brukt maks dreiemoment på den valde motoren og maks akseptable bøyning på gaffelarmen for å finne andre arealmoment I som profilen måtte ha.


3.3 Konstruksjon av grasjamnar

Når ein skulle konstruera grasjamnaren blei ramma som blir kalla motorhus konstruert først. Dette er ei ramme som skal overføre kreftene som motoren genererer til å jamne graset, og til å overføre kreftene som trengs for å halde konstruksjonen fast i høve til siloen. Motorhuset blei konstruert i firkantprofil med dimensjonen 60x60x5, og med påsveisa endelokk for å få ein tett struktur. Dette er for å hindre fukt i å komme på innsida av konstruksjonen, noko som kan sette i gang korrosjon. Sjå figur under.




Figur 3: Firkantprofil med tilpassa endelokk

Motoren blir fastspent i «motorrails» for å kunne justere motorakslingen til senter av motorhuset, desse blir festa på to firkantprofilar som blir kalla motorfester. Som vist på bilde under.



Figur 4: Motorhus med motorfester

For å forenkle modellen i Ansys så blir ikkje motor og lager lagt inn i analysemodellen, men kretene dei aktuelle stadane vil bli rekna ut og sett inn på nøkkelpunkta.




Figur 5: Illustrasjon av kraftpar

Mål definerast ved kraftparets dreiemoment T , som er produktet av kreftenes mål F og avstanden a mellom kreftene.

Dreiemomentet T er produktet av krafta F og avstanden a mellom kreftene i kraftparet. I eit kraftpar er kreftene F like store og motsett retta.

$$T = F \cdot a \quad (\text{Irgenes 2005})$$

Kreftene som motorfestene vil måtte ta opp kan ein rekne ut som vist under.



Figur 6: Illustrasjon av motorfeste og motoraksling

$$T = \frac{q \cdot L^2}{2} = \frac{400 N/m \cdot (2,4 m)^2}{2} = 1152 Nm \text{ (NTNU 2003)}$$


q = jamn last (definert i kapitlet Definering av krefter)

$$A = B = \frac{T}{a} = \frac{1152 Nm}{0,300 m} = 3840 N$$

Kreftene A og B er vridningskrefter som oppstår på grunn av gaffelarmene sin rotasjon.


Kreftene A og B er lagt til grunn ved analysearbeidet.

For å ta opp aksielle og radielle krefter som vil kunne oppstå under drift av grasjamnaren er det naudsynt å bygge inn lager i konstruksjonen for å ta opp disse.



Figur 7: Motorhus med innfestning for lagre

Det er vald å laga innfestninga til lagrene slik at lagerfestene kan sveisast på først, deretter kan lagra settast på plass og akslingen kan førast på plass frå undersida.




Figur 8: Motorhus med aksling til gaffelarmer

Overgangen er gjengen lings, slik at han ikke skrur seg opp når grasjamnaren arbeider. I andre enden av overgangen er det eit spor til kilen som overfører krafta frå motoren til gaffelarmane.


For å halde motorhuset i ro når gaffelarmane roterer er det nødvendig at det er motkrefter som held att for kreftene som oppstår når gaffelarmane arbeider. Konstruksjonen som skal danne motkrefter må ha ei slik utforming at motorhuset ikkje får rotere, men jamnaren må kunne bevege seg opp og ned i siloen. Det er tenkt at den vertikale bevegelsen skjer ved hjelp av siloheisen.

Haldekreftene blir oppretta ved å bruke tre armar som ved hjelp av fjører blir pressa ut mot siloveggen. På enden av haldearme er det montert to hjul som står over kvarandre. Hjula har bane av kompakt gummi for å gje mest mogleg friksjon. Korleis hjula står i høve til kvarandre er vist på Figur 9.



Figur 9: Hjul på haldearm

Det er viktig at grasjamnaren arbeider i horisontalplanet. Ei av oppgåvene til haldearmane er å halde jamnaren i rett posisjon. For å få dette til, er ytterenden av haldearmane utforma som vist på figuren under. Hjula står ikkje rett på enden av armen, men plassert slik at dei dannar ein trekant. Då blir avstanden (L) frå senter til ytterkant på hjulet lengre enn avstanden (R) frå senter til siloveggen. Prøver konstruksjonen å vri seg ut av horisontalplanet, vil den lengre avstanden frå senter til hjulbanen presse konstruksjonen tilbake på plass. Prinsippet er vist på Figur 10.




Figur 10: Skisse haldearm

To hjul gir også betre friksjon enn eitt hjul, og dermed betre mothaldskrefter.

Då det er tenkt at jamnaren blir heist opp eller senka ned ved hjelp av siloheisen, skal det ikkje vere drift på støttehjula. Opplagringa av hjula er difor enkel.

Innfestninga av armane med hjul er laga slik at kvar arm blir justert for seg, slik at jamnaren blir sentrert i siloen samstundes som dei skaffar tilstrekkeleg mothald til gaffelarmane. Figur 11




Figur 11: Innfestinga av haldearmar med hjul

Siloane er støypte med stålforskaling. Forskalingsringane er standardiserte og bra nøyaktige, både når det gjeld rundheit og diameter. Men forskalingsringane dekkjer ikke hele silohøgda. I overgangen mellom ringane vil det vere eit ujamnt belte. Denne ujamnheita må haldearmnane kunne ta opp.


Det er tenkt løyst ved at det ved enden av kvar haldearm er montert ei trykkfjør. Krafta på fjøra kan regulerast ved hjelp av ein stilleskrue som er gjengen inn i endeplata på innfestinga. Prinsippet er vist i Figur 12

Figur 12: Straming av haldearm med hjul
Kvar arm vil ha ein radiell vandring på 20mm ved hjelp av fjøra. I tillegg kan diameteren på haldearmane også regulerast med stilleskruen ved at den bevegelege endeplata kan skuvast meir eller mindre inn i innfestinga.




Figur 12: Straming av haldearm med hjul

Gaffelarmen er ein kvadratisk firkantprofil som har same dimensjon som motorhuset. Det er sveist på to flatstål som skal jamne graset rundt i siloen.



Figur 13: Gaffelarm

Det eine flatstålet er sveist horisontalt i underkant av gaffelarmen. Kanten som vender fram skal ha sagtannprofil. Sagtannprofilen skal «skjære» seg igjennom graset utan at graset presser armen opp eller ned i nemneverdig grad. Det andre flatstålet er sveist vertikalt i framkant av gaffelarmen. Det er sveist på for å kunne skyve meir gras, denne må nok justerast på ein prototype slik at armen tar med ønska mengde gras.



Figur 14: Gaffelarm sett forfra

Første utkast på gaffelarmen var med tynne stålstenger, som tindane i ein høygaffel. Desse skulle sveisast vinkelrett på hulprofilen, jamt fordelt utetter heile armlengda. Tindane skulle dra graset rundt i siloen. Den løysinga med sagtanna flatstålprofil som nå er vald, er enklare

å samanstille i konstruksjonen og har også lågare materialkostnader. I tillegg vil denne løysinga gje mindre vrikrefter på gaffelarmen.

4 Definering av krefter

Det å definera kreftene som verkar inn på grasjamnaren er ikkje så enkelt, då tettheten til graset er svært varierande i forhold til avlastingsmetode, høgdeforskjell frå der ein lesser av graset, til kor høgt graset er i siloen og kor mykje vatn det er i graset. Som eit utgangspunkt har ein difor brukt at graset veg omtrentleg 280 kg/m^3 . Dette er eit tal som røynde gardbrukerar nemner når emnet blir diskutert. Sjølv om tyngda av graset kan variera ein del, så kan ein halda kreftene som blir påført grasjamnaren konstante ved å styre hastigheten som grasjamnaren har i vertikal retning, og dermed også styre kor mykje gras han dreg med seg. Tida det tar for å jamne eit lass er svært viktig i forhold til kor raskt ein kan føreta innlegginga av gras i siloen. Grasjamnaren er konstruert/dimensjonert for å jamne 15 cm med gras i minuttet i vertikal retning. 6,5 minuttar på å jamne eit lass med gras. Høgda på eit tippa lass med gras i siloen varierer med type tilhengar som ein kjører graset inn med, og høgde frå tippunkt til nivå av gras i silo, her vil haugen av gras stable seg høgare jo lengre opp i siloen ein kjem. Her brukar ein at haugen av gras kan bli 150 cm høg når ein kjem eit stykke opp i siloen. Dette gjer at grasjamnaren bør kunne jamne 15 cm med gras i vertikal retning i minuttet.

Det er stor forskjell på lastekapasitet på dei forskjellige vognene, men ei stor avlesservogn tar gjerne opp til 20 m^3 fullasta med gras. Dersom ein har avlesservogn med kastevals vil mykje av graset jevne seg utover, men typisk vil det legga seg ein mindre haug bak i siloen, og ein litt større haug ved tippeplassen. Av erfaring vil den største typisk være:

$$2,5 \text{ m} \cdot 1,5 \text{ m} \cdot 1,5 \text{ m} = 5,6 \text{ m}^3.$$

Ein har vald at grasjamnaren skal gjere 2 omdr/min. Då må han gå ned 7,5 cm for kvar runde armane gjer i siloen. Sidan graset stort sett ligg i haugar i ytterkant, må jamnaren skyve graset rundt i siloen og innover. Dersom grasjamnaren skal bevege seg nedover 7,5 cm for kvar runde, kan ein begynne å sjå på kor store krefter som grasjamnaren må tåle.

Dersom han skal greie å jamne stipulert mengde, som er $5,6 \text{ m}^3$ på 6,5 minuttar, så må armane kunne jamne $0,86 \text{ m}^3/\text{min}$ med 2 omdr/min og 2 armar. Då må kvar arm kunne ta $0,215 \text{ m}^3$ for kvar omdreining. Talet er rekna ut slik:

$$5,6 \text{ m}^3 \div 6,5 \text{ min} = 0,86 \text{ m}^3 / \text{min}$$

$$0,86 \text{ m}^3 / \text{min} \div (2 \text{ armar} \cdot 2 \text{ omdreininger} / \text{min}) = 0,215 \text{ m}^3$$

Kreftene som armane då må kunne tåle er:

$$280 \text{ kg/m}^3 \cdot 0,215 \text{ m}^3 = 60,2 \text{ kg}$$

$$60,2 \text{ kg} \cdot 9,81 \text{ m/s}^2 = 590,6 \text{ N}$$

Om ein antar at graset som skal jamnast har ein middelavstand på 1,5 meter frå sentrum, må armane tåla:

$$590,6 \text{ N} \div 1,5 \text{ m} = 393,7 \text{ N/m} \approx 400 \text{ N/m}$$

280 kg/m³ = vekta av graset. Vekta er argumentert med ovanfor

1,5m = graset sin medelavstand frå sentrum

Når grasjamnaren nærmar seg slutten på å jamna eit lass, må ein anta at heile armen kan få same belastninga på 400 N/m.

Når ein konstruerer og gjer analyse av grasjamnaren, legg ein til grunn at konstruksjonen må kunne tåle at begge armane får full belastning på 400 N/m.

5 Analyse med elementmetoden (FEA)

Finite element analysis (FEA) er ein metode for å løyse praktiske problem ved hjelp av numeriske hjelpemiddel. FEA blir lagt inn i ein matematisk modell. Sjølv om FEA er nøyaktig, kan resultatet avvike frå den fysiske realiteten dersom den matematiske modellen er feil eller unøyaktig.


Den matematiske modellen er ei idealisering der geometri, materialegenskapar, last og/eller grensevilkår er forenkla. Forenklinga blir gjort av den som analyserer ut frå korleis vedkomande forstår problemet, og finn relevant eller irrelevant for oppgåva.

Som eksempel kan vi nemne at ved strekkprøvar blir materialet sett på som homogen, isotropt og lineært elastisk (men slik er ikkje eit verkeleg materiale). Ei last overført på eit lite areal, blir rekna som at ho angrip i eitt punkt (som er fysisk umogleg). Eit festepunkt blir rekna som fast og urørleg (men ingen festepunkt er heilt stive).

5.1 Modellering

Før ein kan lage ein modell for å analysere ein konstruksjon eller eit fenomen, må problemet eller oppgåva vere forstått og/eller definert. Ein modell vil alltid vere enklare enn det verkelege tilfelle. Når ein utviklar ein analysemodell, må ein utelate ein del faktorar. Målet med ein god modell er å utelate detaljar som ikkje betyr særleg for resultatet. Men modellens resultatet må stemme best mogleg med det fysiske.

Ein geometrisk modell blir til ein matematisk modell når fenomenet er forklart ved matematiske likningar. Desse likningane kan ha ulike former, og kan inkorporere restriksjonar som homogenitet, isotropi, materialeigenskapar og for eksempel grenser for tøyting og rotasjon.



Figur 15: Modellering

Figuren over viser steg for steg frå fysisk struktur via fysisk modell til numerisk modell. Figuren er henta frå Robert D. Cook: Finite Element Analysis. Figuren til venstre førestiller den fysiske gjenstanden. Figur nummer to viser gjenstanden som modell. Den neste figuren viser gjenstanden oppdelt i element. Elementa er merka 1, 2, 3. Figuren til høgre viser gjenstanden som diskretisert modell. Symbolet for element 1 er A_1 , symbolet for element 2 er A_2 osv. Punkta på kvar ende av elementa er noder.

Diskretisering vil seie å dele ein matematisk modell opp i fleire element. Elementa kan ha mange ulike former. Elementa blir knyta saman til eit heile ved nodene. Ein node er eit punkt i modellen der ein reknar ut frå, og punktet der påvirkning frå eitt element blir overført til motiggande element. Ein node er ein koordinat der fridomsgradene er definert. Både elementa og nodene må identifiserast med eit nummer.

Første trinn i prosessen er å få klarlagt dei dimensjonerande kreftene i konstruksjonen.

Alle kreftene kjem frå elektromotoren som driv gaffelarmen. Belastninga på konstruksjonen kjem når gaffelarmen tar tak i graset og skyv det rundt. I siloen vil haugen av gras bli liggjande litt forskjellig plassert frå gong til gong, og det vil variere avhengig av kor høgt opp i siloen graset har nådd. Eg deler analysen i to modellar. Den eine modellen er for gaffelarmen. Den andre modellen er for motorhuset og haldearmane.

5.2 AnSys Mechanical

Programmet som er brukt i globalanalysen av motorhuset med haldearmar og modalanalysen av motorhus med haldearmar er AnSys Mechanical. Ein kan dele inn bruken

av elementmetodebasert programvare inn i følgene trinn; pre-processing(forbehandling), processing(bearbeiding) og post-processikng(etterbehandling!).

5.2.1 Preprocessing

I preprocessing så legger man inn data for å beskrive strukturens geometri, materialegenskaper, laster og randbetingelser. Diskretisering av modellen skjer ved at man veljar type elementer og elementtetthet. Ut frå type modell og kva slags analyse ein vil gjera så må ein ta stilling til kva element type ein skal bruka. Programmet vil gjera resten av arbeidet med å dele inn modellen i elementer.

5.2.2 Processing

Programmet genererer automatisk matriser som beskriver korleis kvart element oppfører seg. Kvart element er koblet saman med noder, elementmetoden regner ut nodeforskyvningen slik at det blir likevekt mellom påførte krefter og indre krefter som oppstår ved elastisk deformasjoner.

5.2.3 Post-processing


Når programmet har gjort utrekningane er det att for brukaren og henta ut løysningane som programmet har gjort. Ein kan ta ut løysningane i form av grafiske bilder av modellen med fargar som illustrere verdiar eller lister der ein kan hente ut verdiar i noder eller elementer. Man kan ikkje vite om spenningane er korrekte men ein kan sannsynleggjere verdiane dersom ein finere og finere inndeling går mot ein grenseverdi.

5.3 Gaffelarmen

Den dimensjonerande faktoren for gaffelarmen er bøyespenning som oppstår når armen roterar og tar med seg gras.


I analysemodellen har ein vald å rekne med jamn belastning over heile lengda på gaffelarmen.

Detaljanalsen av gaffelarmen er gjort i Autocad Inventor og resultata er under kapittel for resultat. Det er også gjort handberekingar av utsette deler mellom gaffelarmen og motorgiret, desse er vist nedanfor.




Figur 16: Illustrasjon av silo ved innlegging av gras

Figuren over viser kor graset legg seg i siloen når det blir lessa av frå avlesservogna. Det blir liggende ein stor haug mot veggen nærmast avlesservogna, og ein mindre haug mot motsett side av siloen.



Figur 17: Gaffelarmene med jamt fordelt last på den eine armen

Gaffelarmen er festa til motorakselen med fire gjennomgåande skruar. Figur 2 viser korleis gaffelarmene er festa til motorakselen. Nedre enden av motorakselen er forma med plane flater for å gi anlegg til feste av gaffelarmene. Konstruksjonen er slik at kraftoverføringa kjem som strekkbelastning på alle fire skruane. Figur 18 viser situasjonen sett ovanfrå.




Figur 18: Innfestning av gaffelarmar

5.4 Dimensionering av skruane

Gaffelarmane er festa med fire skruar, som alle blir utsatt for strekkrefter. Skruane blir utsatt for krefter parvis opp og nede av kvar sin gaffelarm. Parvis må dei tåle 11636 N som vist i reknestykket under:

$$F_s = F_m = \frac{M}{a} = \frac{1152 \text{ Nm}}{0,099 \text{ m}} = 11636 \text{ N}$$




Figur 19: Skisse av strekkrefter på skruer til innfestning av gaffelarm

Figur 19 viser festeplata til gaffelarmen sett ovanfor, og kreftene er teikna på. Ved å velje ein M12 skrue med fasthetsklasse 10.9 der ein M12 skrue har ein kapasitet på 60,5 kN ved strekk. {NTNU, 2003 #6} Dette vil gi ein god sikkerhetsfaktor på skruane.

$$\text{Belastninga på ein skrue vil vare } \frac{11636 N}{2} = 5818 N \approx 5,8 kN$$


$$SF = \frac{60,5 kN}{5,8 kN} = 10,4$$

5.5 Berekning av kil-sveis



Figur 20: Skisse av ein kilsveis med a-mål og spenningar

I figuren under er det ei skisse av sveisen på festeplata som held gaffelarmen fast til festeplata, gaffelarmen blir utsatt for ei jamt fordelt last. Dette gjer at ein vil få eit bøyemoment og ei reaksjonskraft som vil virke på sveisen.



Figur 21: Skisse av festeplate med sveis

Bøyespenninga vil gi både normalspenningar σ_b og skjærspenningar τ_b . Frå fasthetsslæra har ein følgene formlar for å finne disse spenningane.

$$\sigma_b = \frac{M_b}{I_x} \cdot y \quad (\text{Irgenes, fasthetsslære})$$

I_x = Flatetreghetsmomentet med hensyn på nøytralaksen.

y = Avstanden frå nøytralaksen til det planet kor spenningen skal bereknast.

T = Skjærkraft.

S = Det statiske momentet for den delen av flata som ligg utenfor beregningsplanet.


b = Bredda av tverrsnittet ved beregningsplanet.

a-mål = Den effektive høgda av sveisen

l = lengda på sveisen

σ_{jf} = jamnføringsspenning

f_u = 510 MPa for S355 {NTNU, 2003 #6}



Figur 22: Skisse av sveis til gaffelarm

Regner med eit a-mål på 3mm, og sidan sveisen går rundt heile firkantprofilen kan ein sjå vekk ifrå endekrater.

Ein kan alltid sjå bort frå skjærspenninga $\tau_{b,maks}$, utanom for svært korte bjelker. Då blir alltid normalspenninga $\sigma_{b,maks}$ dimensjonerande.

Dersom ein ser på Figur 22 ser ein at normalspenninga har sin høgaste verdi på ytterkanten av dei horisontale sveisane, og ein har størst skjærspenning langs nøytralaksen. For ytterkanten vist i snitt A av den horisontale sveisen, er det bare normalspenningen å sjekke. For snitt B er det både skjærspenning og normalspennig, slik at ein må sjekke begge deler. Når ein har rekna ut for begge snitt ser man kor det er størst jamnføringspennig σ_{jf} .

Vedlegg D viser kor store bøyespenninger ein kan ha i ein sveis når det er fare for utmatting. Desse verdiane har ein funne ved eksperimenter. Firkantprofilen som ein brukar har stålkvalitet S355, dette er den same kvalitet som St 52. Brukar at tilsatsmaterialet som er i sveisen tåler minst like mykje som firkantprofilen. Gaffelarmen har ein innfestning som gjer at ein må bruke F kurva, i kurva som er for stålkvalitet St 52. Når ein går inn i tabellen og ser på verdien under «wechselnd» vekslande spenning, så kan ein lesa ut at $\sigma_{tillat} \approx 50 \text{ MPa}$. Dette må spenningane i sveisen vere mindre enn for at det ikkje skal vara fare for utmatting.

I snitt A blir $\sigma_b = \frac{\sigma_n}{\sqrt{2}} + \frac{\tau_n}{\sqrt{2}}$, og $\sigma_n = \tau_n$.

Då kan ein sette

$$\sigma_n = \tau_n = \frac{\sigma_p}{\sqrt{2}}$$

$$\sigma_b = \frac{M_b}{I_x} \cdot y$$

$M_b = 1152 \text{ Nm}$ (bøyemomentet som kommer når gaffelarmen blir belasta med 400 N/m)

$$I_x = \frac{1}{12} \cdot b \cdot h^3 = \frac{1}{12} \cdot (B \cdot H^3 - b \cdot h^3)$$

$$I_x = \frac{1}{12} \cdot ([b + 2 \cdot a] \cdot [h + 2 \cdot a]^3 - b \cdot h^3)$$

$$I_x = \frac{1}{12} \cdot ([60 \text{ mm} + 2 \cdot 10 \text{ mm}] \cdot [60 \text{ mm} + 2 \cdot 10 \text{ mm}]^3 - 60 \text{ mm} \cdot (60 \text{ mm})^3)$$

$$I_x = 2333333 \text{ mm}^4$$

$$y = \frac{h}{2} + a = \frac{60 \text{ mm}}{2} + 10 \text{ mm} = 40 \text{ mm}$$

$$\sigma_b = \frac{M_b}{I_x} \cdot y$$

$$\sigma_b = \frac{M_b}{I_x} \cdot y = \sigma_b = \frac{1152 \cdot 10^3 \text{ Nmm}}{2333333 \text{ mm}^4} \cdot 40 \text{ mm}$$

$$\sigma_b = 19,7 \text{ MPa}$$

$$\sigma_n = \tau_n = \frac{\sigma_p}{\sqrt{2}} = \frac{19,7 \text{ MPa}}{\sqrt{2}} = 14 \text{ MPa}$$

$$\sigma_{if} = \sqrt{\sigma_n^2 + 3 \cdot \tau_n^2} = \sqrt{(14 \text{ MPa})^2 + 3 \cdot (14 \text{ MPa})^2}$$

$$\sigma_{if} = 28 \text{ MPa}$$

I snitt B blir $\sigma_b = \frac{\sigma_n}{\sqrt{2}} + \frac{\tau_n}{\sqrt{2}}$, og $\sigma_n = \tau_n$

Dette er likt som for snitt A, den einaste forskjellen blir at $y = \frac{h}{2} + = \frac{60 \text{ mm}}{2} = 30 \text{ mm}$

$$\sigma_b = \frac{M_b}{I_x} \cdot y = \sigma_b = \frac{1152 \cdot 10^3 \text{ Nmm}}{2333333 \text{ mm}^4} \cdot 30 \text{ mm}$$

$$\sigma_b = 14,8 \text{ MPa}$$

$$\sigma_n = \tau_n = \frac{\sigma_p}{\sqrt{2}} = \frac{14,8 \text{ MPa}}{\sqrt{2}} = 10,5 \text{ MPa}$$

Viss ein ser på skjærspenninga så kan ein gjere ein forenkling og sei at det er dei vertikale sveisane som tar heile belastningen og at dei er jamt fordelt.

$$\tau_b = \frac{T}{2 \cdot h \cdot a} = \frac{960 \text{ N}}{2 \cdot 60 \text{ mm} \cdot 10 \text{ mm}} = 0,8 \text{ MPa}$$

$$T = q \cdot L = 400 \text{ N/m} \cdot 2,4 \text{ m} = 960 \text{ N}$$

$\tau_b = \tau_p$ når ein ser på skjærspenninga.

$$\tau_p = 0,8 \text{ MPa}$$

